



Medlemer i Avkrokjen Bryggjarlag underheld. (Foto: Kjell Magne Haugland)

**10 års-jubileet til Humlepungen Bryggjarlag vart markert med Uppskoka i Dønhaugkjedlaren laurdag kveld.**

**Laget har vore tru mot løftet om i det minste å bryggja to gonger i året.**

**Det har soleis vore gjennomført 20 bryggjingar og mest like mange oppskoker på desse åra.**



Erlingur Nielson sa fram helsing frå Island. (Foto: Kjell Magne Haugland)

Til opning av kulturkvelden sa Bjarne Lilleaas fram minneord over Bjørn Skibenes. Skibenes var ein sentral aktør og kulturformidlar i bryggjarlaget. Det var rørende og gripande at det i ein tekst/ song av Bjørn Skibenes til Humlepungen Bryggjarlag for nokre år sidan, kom fram eit ynskje om at gravølet skulle stå på Dønhaug. Og slik vart det.

Forutan god mat og eit innhaldsrikt program, vart det sagt fram helsing frå islendingen Erlingur Nielson. Han la vinn på det gode og nære historiske slektsskapet mellom Noreg og Island. I ei gransking på Island, i den vanskelege situasjonen landet er i, kjem det klart fram at av alle land har ein størst tiltru til og von om hjelp frå Noreg.

Eit nyskipa bryggjarlag i Røyrvikjo på Sunde tok del i programmet med song og diktlesing. Ein fotomontasje syntte den store aktiviteten i desse åra,- med bryggjingar, utanlandsturar, kulturkveldar og andre markeringar.

Humlepungen Bryggjarlag har i dag 9 medlemmer. Laget bør ikkje verta større.

Eit av måla til laget er å halda bryggjartradisjonen i hevd og sjå til at det vert skipa bryggjarlag i kommunen.

Av Kristian Bringedal